

I innspurten på søknader til gode kulturføremål.

11.03.2018

**SØK OM GÅVE**  
frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

**UTLYSING AV TILSKOT til arbeid med kultur, idrett og friluftsliv i Kvinnherad kommune.**

Med etterhald om endelig vedtak på nye retningsliner i Levekårskomiteen vert følgjande tilskot lyst ut:

Hugs at søkerfristen om ulike tilskot er alt i morgen eller seinare i veka.

Alt i morgen, måndag 12. mars er fristen for å søkja gåve frå SpareBank 1-stiftinga i Kvinnherad. Stiftinga lyser ut og tildeler gåver to gonger i året. Kvinnherad kommune har lyst ut tilsaman 9 tilskot som gjeld arbeid med kultur, idrett og friluftsliv. Søkerfristen på denne type kommunal tilskot er anten 15. eller 19. mars.

Sparebankstiftinga deler ut gåver til ålmennytige føremål. Alle søkerne må sende elektronisk på eige skjema. Mange gode tiltak har motteke gåve til no. Det største prosjektet så langt er vel Gull av grus. Lagshusa våre, Helgheim, Bedehuset, Vonheim og Gamleskulen har søkt før og er løyvd midlar. Mange andre gode tiltak har også fått tilskot. Uskedalen.no kjenner til mange gode prosjekt, utan at vi nøyaktig veit kven som har søkt i denne omgang.

Nokre av dei kommunale tilskota er reviderte og fått nye namn. Det som før vart kalla Byggetilskot, heiter no Kommunalt investeringstilskot. Underskotsgaranti vert no definert som Prosjekt og arrangementstilskot. Festivaltilskotet er som før. Det same er Driftstilskot til frivillige organisasjonar som driv kulturarbeid for born og unge.

Meir informasjon finn de på kommunen si heimeside.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal